

Oddlaug og Osmund Birkeland
Saudavegen 4213
5583 Vikedal

18.03.2019

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Høyringsvar til forslag om endringar i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen

Viser til utsendt høyring frå Landbruks- og matdepartementet om «forslag til endringer i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen. Det viktigaste endringsforslaget går ut på at ein produsent berre har lov til å utrangera eit gitt tal purker pr. år. Dette for å avgrensa produksjon på såkalla eingongspurker. Dette er dette forslaget me ønskjer å kommentera nærare i dette svaret.

Litt om bakgrunn og vår historie:

Me driv gard i Imsland i Vindafjord kommune i Rogaland. Me overtok garden i 2005, og drifta var basert på mjølkeproduksjon med ca. 10 årskyr. Målet vårt var å utvikla drifta slik at me begge kunne henta arbeidsinntekta vår frå garden. Etter ei tid bestemte me oss for å satsa på smågrisproduksjon og det nye grisehuset stod klart i 2010, og me produserer nå ca. 5000 smågris pr. år. Me driv framleis mjølkeproduksjon i båsfjøset vårt og har kvote på ca. 110 tonn. Dette gjer at me begge hentar heile arbeidsinntekta vår frå gardsdrifta. Garden ligg i ein distrikts-kommune i Rogaland, med aktivt produsentmiljø rundt oss.

Når me tok avgjerda om vår satsing, stod valet mellom driftsopplegget vårt med noko bruk av eingongspurker, eller å knyta oss til ein purkering som satellitt. All planlegginga me var gjennom før me satsa, viste at det ikkje var økonomisk mogeleg å få til utbygginga dersom me ikkje satsa slik me gjorde, eller knytta oss til ein purkering. Me vil understreka at me gjorde vår utbygging innanfor eksisterande regelverk og me har ikkje gjort noko form for lovbrøt, alle reglar er følgde og det har vore fullt innsyn i vårt driftsopplegg heilt frå me starta. (for meir informasjon om vår drift viser me til reportasje i Norsk Landbruk okt. 2017)

Våre merknadar til forslaget:

For heile svinenæringa i Norge er det viktig med forutsigbare rammevilkår. Dersom det no blir gjort endringar med eit kort tidsrom for tilpassing, blir føresetnadane endra og enkeltprodusentar som har satsa og investert fullt lovleg innanfor eksisterande regelverk vil bli hardt råka. Me meiner det må vera ei overgangsordning frå eksisterande regelverk til nytt regelverk som varer i minst 10 år.

Dersom det blir innført reglar som medfører at det blir sett ei grense for kor mange purker som kan utrangerast frå ein produsent pr. år, er det viktig at grensa ikkje blir sett for lågt. Regelverket må utformast slik at det bør vera mogeleg å tilpassa seg nye reglar for flest mogeleg produsentar, uten at økonomien hjå den enkelte blir for hardt råka. Ein må og tenkja på at mange slaktegrisprodusentar har investert i nye grisehus, og at dei i periodar kan stå i fare for ikkje å få tak i smågris dersom reglane blir for stramme. Etter vår oppfatning bør grensa for utrangerte purker frå ein produsent, vera 250 - 300 pr. år.

Det nye regelverket må utformast slik at reglane blir mest mulig like for avlsbesetningane og bruksbesetningane. I vårt driftsopplegg driv me eigenrekruttering av avlsdyr, me kjøper ikkje inn dyr. Det medfører automatisk at det vil bli slakta fleire purker frå besetninga vår, enn om me hadde kjøpt inn dyr til rekruttering. For å få fram gode avlsdyr må det vera eit visst utval å velja i, og dermed må også fleire utrangerast. Me meiner difor det ikkje er tungtvegande grunnar for at det skal vera skilnad i kor mange purker som kan utrangerast frå ein avlsbesetning sett i høve til ein bruksbesetning.

Det må leggjast vekt på å få eit regelverk som er lett å kontrollera og at ein i størst mogeleg grad må gjera seg nytte av eksisterande data frå produsentar, slakteri og det offentlege. Det må ikkje etablerast nye ordningar som krev unødvendig administrasjon eller kontrollbehov.

Også driftsopplegg med purkering er ei form for tilpassing til eksisterande konsesjonsregelverk i smågrisproduksjonen, me synest det er rett å påpeika det. Purkeringane blir ikkje påverka av endringsforlaget som no ligg føre. Driftsforma med purkering har utfordringar når det gjeld smitte- og sjukdomsrisiko, noko det truleg blir meir fokus på framover. Nytt regelverk må utformast slik at det ikkje blir auka stimulering til driftsopplegget med purkering, uten å ta omsyn til utfordringar det kan medføra med tanke på omlegging til fleire SPF- besetningar og smitterisiko.

Med helsing

Oddlaug Birkeland (s)

Osmund Birkeland (s)

Dokumentet er elektronisk godkjent